



# Styremøte

---

## Tid og stad:

Søndag 12. april 2015 kl. 16.00 i Fløda hjå Anne Bjørg.

## Saksliste:

1. Oppsummering av Sjutoppsturen
2. Klubbhusprosjektet
3. Fotballsesongen
4. Eventuelt

## Desse var til stades:

Leiar	Anne Bjørg Bringsvor
Nestleiar	Endre Vorren
Sekretær	Eirik Voksøy Bringsvor
Kasserar	Svein Helge Bringsvor
Styremedlem	Knut Olav Skare
Leiar trimgruppe	Anders Bringsvor

## Referat:

**Sak 1:** Godt nøgde med gjennomføringa av Sjutoppsturen. Deltaking: mosjon 227, konkurranse 42, turmarsj 52. God merking av løype, noko opptrakka og blautt på Kletten, Kulen og Øyna, litt nedbør først på dagen, vindstille og sol.

Moment som skal takast til etterretning til neste år:

- Posten på Hornet – folk finn ikkje rette vegen eller passerer forbi utan å leggje merke til stauren.
- Fruktstasjon Hellandsvågane – ikkje klargjort frukt til ei kvar tid, kanskje på grunn av fokus på mellomtidtaking?
- Ikkje alle forstår at dei skal klippe på kvar post – betre forklaring ved påmelding og/eller plakat som viser framgangsmåte på Kletten?
- Litt mannskapsmangel i sekretariat ved målgang konkurranseklasse og premieutdeling – hente inn fleire til å hjelpe, eller “stenge” sekretariat ved premieutdeling.



- Anders signaliserer at han vil avlastast på hovudansvar og nokre oppgåver – fordele gjeremål betre og ha meir styring på pengebruk.
- Folk etterlyser betalingsterminal – høyre med Rosenlund om ordning med å kunne ta ut pengar derifrå (unødvendig å leige eigen terminal).
- Tilfelle av openlys alkoholserving/-konsumering – dette er eit idrettsarrangement – Rosenlund halde seg innanfor eit område.
- Busstilbodet: 60 passasjerar, 50 betalande. Utgift 4000 kr, inntekt ca. 2500 kr. Positivt for omdømme og kanskje fleire tek turen pga. tilbodet. Undersøke andre alternativ neste år – større buss?
- Prinsipiell “nulltoleranse” for å gje rabattar til påmelding, t-skjorter mm.
- Medalje berre til dei som fullfører. Eventuelt deltakarpremie til små born. Alternativ premiering til dei som går kortare enn gjeldande krav kompliserer arrangementet (for eksempel 4 toppar for vaksne).

**Sak 2:** Oppdatering i klubbhusprosjektet ved EVB. Byggesøknad er ikkje sendt, på grunn av uavklart ansvar på tømrararbeidet, samt uavhengig kontroll. Alle prisoverslaga er på plass, søknadar om spelemidlar og RDA-midlar vert sendt snarast.

Forslag om å setje ned ei prosjektnemnd med EVB, SHB, KOS og Olav Våge. ABB høyrer med sistnemnde. Arbeid med å rydde området bak klubbhuset kan gjerast når som helst.

**Sak 3:** Fotballaga er i gang med treningar. SIL administrerer i år, samarbeid med Kvamsøy. EV har ansvaret for G12, Anne Marte Beitveit for J12 og Bjørn Thore Hansen for G08. Første kamp i Oshaugane 30. april (J12). G12 første kamp på Sandsøya 13. mai. SHB bekreftar avtale om dette og at det vert annankvar heimekamp på Sandsøya/Kvamsøya med Gunnar Ristesund (KIL). Oversikt vert så gitt til nemndene for kiosk og bane. Ikkje klart om vi får arrangere G08-turnering.

**Sak 4:** Vi har fått spørsmål frå kommunen om å arrangere strandrydding. Dette er ikkje noko idrettslaget bør gjere, heller til dømes grendalaget.

Møtet slutt kl. 18.37.